




# Kommunedelplan for førebyggjande arbeid i Sveio kommune

Høyringsutkast september 2023



**«Vilje til vekst og ein god stad i leva»**



## Innhold

1.0	Bakgrunn for planarbeidet .....	3
2.0	Lovheimel for planen.....	5
3.0	Planprosessen i Sveio kommune.....	5
4.0	Ståstad Sveio 2023 .....	6
4.1	Kartlegging.....	6
4.2	Førebyggjande arbeid.....	11
4.2.1	Kommunal sektor.....	13
4.2.2	Statleg og fylkeskommunal sektor.....	16
4.2.3	Frivillig sektor.....	17
5.0	Barnepopulasjonen i Sveio .....	18
5.1	Barnehage og skule .....	18
5.2	Barnevernet .....	21
5.3	Sveio helsestasjon .....	22
5.4	Psykisk helseteneste .....	23
5.5	NAV Sveio .....	25
6.0	Trong for endring av innhald og organisering av tilbodet til born, unge og familiane deira.....	28
7.0	Mål og tiltak innanfor oppvekstfeltet og førebyggjande arbeid i Sveio kommune .....	29
7.1	Tenkja «laget rundt barnet» i alle ledd.....	29
7.2	Sikra at alle tilsette i Sveio kommune nyttar handlingsretteleiarer i BTI, slik at Sveio blir ein reell BTI-kommune.....	30
7.3	Ha eit særleg fokus på foreldreretteleing på eit svært tidleg stadium i borna sine liv. Ha eit differensiert tilbod om slik retteleing i eit sams fagmiljø.....	31
7.4	Utvikla tydelege roller og rolleforståing, slik at kommunen kan yta tidleg innsats på ein effektiv måte. Ta vare på og utvikla vidare det gode samarbeidet om einskildborn og familiane deira som alt finst i kommunen.....	31
7.5	Styrkja det førebyggjande arbeidet blant ungdom i kommunen, mellom anna ved å gje eit breiare tilbod som kan appellera til fleire ulike interesser.....	32
7.6	Setja av tilstrekkeleg med ressursar til kompetanseheving.....	32
7.7	Kommunen skal samordna sitt tenestetilbod til born og familiar, og gjera organisatoriske endringar der dagens organisasjon er til hinder for samarbeid.....	33
	Kjelder.....	35



## 1.0 Bakgrunn for planarbeidet

Ny lov om barnevern blei samrøystes vedteken av Stortinget 14. juni 2021. Lova blei sanksjonert av Kongen i statsråd 18. juni 2021 og tok til å gjelda 1. januar 2023. Endringane i lov om barnevern blei følgde opp med endringar i ei rekke andre lover, slik at ein skulle leggja grunnen for det som i byrjinga blei omtalt som barnevernsreforma, men som etter kvar fekk det meir dekkjande namnet oppvekstreforma.

Då Prop. 133 L (2020–2021) blei lagt fram i april 2021, uttalte dåverande barne- og familieminister Kjell Ingolf Ropstad mellom anna dette: *«Målet er å sette barnas behov i sentrum og bidra til økt forebygging og tidlig innsats. Vi vil bygge på de ressursene som finnes rundt barnet, og legge til rette for å involvere barnets familie og nettverk. Barnevernstiltak skal ikke være mer inngripende enn nødvendig.»*

Eitt av grepa som er blitt tekne i lova, er å innføra eit krav om at alle kommunane skal utarbeida ein samla plan for førebygging. Det er vidare eit krav om at planen skal handsamast av kommunestyret sjølv, jamfør § 15-1. Når omgrepet «kommunestyret sjølv» blir nytta i lovverket, tyder det at vedtaksmynde ikkje kan delegerast til eit underleggjande organ:

*«Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsvansker. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier.»*

*Kommunestyret selv skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide.»*

Ny lov om barnevern byggjer på *NOU 2016: 16; Ny barnevernslov — Sikring av barnets rett til omsorg og beskyttelse*. Utvalet som utarbeidde *NOU 2016: 16*, skriv mellom anna dette i oppsummeringa av rapporten:

*«Utvalget mener kommunen alene bør ha ansvaret for forebyggende arbeid rettet mot alle barn og familier. Kommunen er best rustet til å foreta en helhetlig vurdering av hvordan tjenestetilbudet til barn og familier bør organiseres. Videre mener utvalget at det bør lovfestes at kommunen har en plikt til å samordne tjenestetilbudet til barn, og at kommunen skal utarbeide en langsiktig plan for arbeidet med barn og unge. Utvalget foreslår også å lovfeste en plikt for kommunen til å samordne det kommunale tjenestetilbudet rettet mot et bestemt barn.»*



*Utvalget foreslår å lovfeste at barnevernstjenesten har ansvar for å sikre at barn mottar forsvarlig omsorg og beskyttelse, når det er nødvendig på grunn av barnets omsorgssituasjon eller at barnet utsetter sin helse eller utvikling for fare. Presiseringen tydeliggjør grensen mot andre tjenesters ansvar for å gi barn og unge hjelp.»*

Desse føringane frå forarbeidet er følgde opp i § 15-8 i sjølve lovteksten:

*«Barnevernstjenesten skal samarbeide med offentlige instansar og andre tjenesteytere dersom samarbeid er nødvendig for å gi barnet et helhetlig og samordnet tjenestetilbud.*

*Kommunen skal samordne tjenestetilbudet etter første ledd. Ved behov skal kommunen bestemme hvilken kommunal instans som skal ivareta samordningen. Dersom det er oppnevnt barnekoordinator etter helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2 a, skal koordinatoren sørge for samordning av tjenestetilbudet.*

*Barnevernstjenesten skal, i tillegg til å følge opp enkelte barn, samarbeide med offentlige instansar og andre tjenesteyterne slik at barnevernstjenesten og de andre tjenesteyterne kan ivareta sine oppgaver etter lov og forskrift.*

*Med tjenesteyter menes kommunale, fylkeskommunale og statlige tjenesteytere, private tjenesteytere som utfører oppgaver på vegne av slike tjenesteytere, barnehager som får tilskudd etter barnehageloven § 19 og skoler som får statstilskudd etter privatskolelova § 6-1.*

*Barnevernstjenesten bør også samarbeide med frivillige organisasjonar som arbeider med barn og unge.»*

Den raude tråden i oppvekstreforma er tidleg innsats, betre samarbeid internt i kommunen og mellom kommunen og andre instansar og eit tydeleg pålegg om at alle skal samarbeida til beste for det einskilde barnet og den einskilde familien («laget rundt barnet»).

Grunnpilarane i Oppvekstreforma er desse:

- Sterkare førebyggjande tidleg innsats
- Heilskapleg tenestetilbod
- Samarbeid på tvers av sektorar
- Samarbeid på tvers av kommunar
- Auka kommunal styring
- Tydelegare ansvarsdeling mellom stat og kommune



## 2.0 Lovheimel for planen

Planen har heimel i **LOV-2021-06-18-97; Lov om barnevern (barnevernloven)**

I tillegg inneheld desse lovene relevante føresegner for oppvekstreforma:

- LOV-2008-06-27-71; Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- LOV-1998-07-17-61; Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- LOV-2005-06-17-64; Lov om barnehager (barnehageloven)
- LOV-2003-07-04-84; Lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova)
- LOV-2007-06-29-89; Lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd (kulturlova)
- LOV-2011-06-24-30; Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven)
- LOV-1999-07-02-61; Lov om spesialisthelsetjenesten m.m. (spesialisthelsetjenesteloven)
- LOV-2009-12-18-131; Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven)
- LOV-1997-06-19-62; Lov om familievernkontorer (familievernkontorloven)
- LOV-2009-06-19-44; Lov om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova)
- LOV-1983-06-03-54; Lov om tannhelsetjenesten (tannhelsetjenesteloven)
- LOV-2020-11-06-127; Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven)
- LOV-2011-06-24-29; Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)

## 3.0 Planprosessen i Sveio kommune

Sveio kommunestyre vedtok i sak 124/22 i møtet 12. desember 2022 planprogram for Kommunedelplan for førebyggjande arbeid i Sveio kommune. Planprogrammet la i utgangspunktet opp til at endeleg plan skulle handsamast av kommunestyret 12. juni 2023. I etterkant av kommunestyret si handsaming blei det klart for administrasjonen at Statsforvaltaren i Vestland i lag med samarbeidspartnarar innanfor forskingsfeltet la opp til eit kompetanseprogram om oppvekstreforma for kommunar som ønskte å vera med. Programmet strekte seg frå januar til juli 2023. På bakgrunn av dette vedtok Sveio formannskap i sak 018/23 i møtet 6. februar i utsetja slutthandsaminga av planen i kommunestyret til 11. desember 2023. Det synta seg svært nyttig for Sveio kommune å ta del i Statsforvaltaren sin prosess våren 2023.

Administrasjonen starta arbeidet med oppvekstreforma ved å gjennomføra ein fagdag for alle aktuelle einingar og instansar som arbeider med born og unge 5. mai 2022. Denne fagdagen blei følgt opp med nye fagdagar 30. november, 24. mars, 21. april og 16. juni. Fagdaganane har både vore viktige for utveksling av fagleg kompetanse og involvering i planprosessen for dei som jobbar med tenesteyting i driftseiningane.



Administrasjonen henta inn omfattande dokumentasjon frå alle delar av verksemda våren 2023, slik at vi skulle få eit breiast mogeleg faktagrunnlag for dei tiltaka som skal vera ein del av planen. Denne dokumentasjonen blir gjort nærare greie for i kapitlet *Ståstad Sveio 2023*.

## 4.0 Ståstad Sveio 2023

### 4.1 Kartlegging


Sveio har vore BTI-kommune sidan 2017. BTI står for Betne Iverrfagleg Innsats, og målet med BTI er heilt samanfallande med målet for oppvekstreforma. Då Sveio kommune blei BTI-kommune, blei det gjennomført ei omfattande kartlegging av kompetansen til dei som arbeider med born og unge i kommunen. Kartlegginga blei gjennomført av Korus Vest, og det var svært høg svarprosent.

I 2023 er det gjennomført ei ny kartlegging av kompetansen, også denne gongen i regi av Korus Vest, og også denne gongen med høg svarprosent. Re-kartlegginga har gjort det mogeleg å seia noko om utviklinga sidan Sveio blei ein BTI-kommune.

Kartlegginga syner at vi har hatt positiv utvikling på mange område sidan 2017. Likevel illustrerer svara på undersøkinga at vi framleis har ein veg å gå når det gjeld samhandling på tvers og kunnskap om andre tenester enn den som ein sjølv arbeider i:

**KORUS**  
Bergen

**Me praktiserer informasjonsutveksling på tvers av tenester på ein god måte i Sveio  
(N 2023=149)**






Informantane er og delte i svara når dei blir spurde om dei er nógde med korleis vi i dag dokumenterer vidare oppfølging og fordeling av ansvar:

**KORUS**  
Bergen

**Eg er nógde med den måten vi i dag dokumenterer oppfølging og fordeling av ansvar  
(N 2023=148)**



Våren 2023 blei det gjennomført intervju med svært mange instansar, både innanfor og utanfor kommunen, får å få inn deira synspunkt på stoda på oppvekstfeltet. Intensjonen med intervjuva var å få inn synspunkt både på kva som fungerer godt og kva som bør bli betre. Fokuset var primært på samarbeidsrelasjonar på systemnivå og på individnivå. Desse instansane/personane blei intervjuva:

- SLT-koordinator
- Politikontakt
- Ungdomskontakt
- Ungdomslos
- Kultursjef/kulturskulerektor
- Sveio barnevern
- Helsestasjon/skulehelsetenesta
- Psykisk helseteneste
- NAV Sveio
- Helse Fonna, BUP Haugesund
- PPT for Haugesund, Sveio og Utsira
- PPT for vidaregåande skular i Rogaland, avdeling Haugesund



- Ein privat ungdomsskule i Haugesund som har elevar frå Sveio

Informantane i intervjurunden var rimeleg samstemte med omsyn til dei utfordringane dei ser i Sveio kommune sitt arbeid for born og unge og familieane deira. Synspunkta kan summerast opp slik:


- Vi treng større kapasitet innanfor foreldrestøttande tiltak
- Samarbeidet mellom ulike instansar og avdelingar må setjast betre i system
- Vi må bli betre på å koordinera tilboda vi har
- Ansvar/roller/mandat er ikkje godt nok definert
- Stafettlogg/dokumentasjon i BTI-arbeidet må avklarast og bli teke i bruk av alle
- Det er naudsynt med kompetanseheving, og dei ulike delane av kommunen må bli betre kjende med kvarandre
- Det er trong for å utvida fritidstilbodet for større born (mellomtrinnet i grunnskulen) og ungdom
- Vi må bli betre på medverknad for born, elevar og føresette
- Verdiar og haldningar er grunnlaget for alt vi gjer. Barnesyn, elevsyn og menneskesyn må vera i samsvar med rammeplanen for barnehagen og overordna del av læreplanverket for grunnopplæringa

Vi ser at denne oppsummeringa er i samsvar med oppsummeringa frå fagdagen 5. mai 2022:

- Foreldrestøttande tiltak er viktige
- Tverrfagleg samarbeid naudsynt for eit godt og heilskapleg tilbod
- Uklare roller og kjennskap til tenestene, slik det er no
- Liten kommune fordrar interkommunalt samarbeid
- Tidleg innsats avgjerande for dei som treng hjelp
- Kvalitet og kompetanse må ha fokus
- Medverknad og barnet sitt beste er viktig
- Fritidstilbod for ungdom må bli betre og meir variert

Det blei gjennomført ei elektronisk spørjeundersøking blant rektorane og styrarane barnehagane, både kommunale og private, våren 2023. Hovudtemaet var tilgjenge til og omfanget av tenester frå PPT. Barnehagane var stort sett nøgde med stoda og rapporterte at dei opplevde PPT sin kapasitet som god. Skulane rapporterte at dei gjerne kunne ha sett at det blei sett av større tidsressursar til arbeid på systemnivå og rettleiing. Svært mykje av tida går med til å drøfta einskildelevar som har trong for ekstra tilrettelegging i form av spesialundervisning.





Prosessen med fagdagar, runden med intervju og spørjeundersøkinga blant rektorar og styrarar har hjelpt oss med å få fram eit rimeleg eintydig bilete av *Ståstad Sveio 2023*. Kunnskapen om stoda i kommunen må danna grunnlaget for måla og tiltaka i denne planen:

- Ta vare på og utvikla vidare det gode samarbeidet om einskildborn og familiare deira som alt finst i kommunen.
- Ha eit særleg fokus på foreldrerettleiing på eit svært tidleg stadium i borna sine liv. Ha eit differensiert tilbod om slik rettleiing i eit sams fagmiljø.
- Styrkja det førebyggjande arbeidet blant ungdom i kommunen, mellom anna ved å gje eit breiare tilbod som kan appellera til fleire ulike interesser.
- Utvikla tydelege roller og rolleforståing, slik at kommunen kan yta tidleg innsats på ein effektiv måte.
- Setja av tilstrekkeleg med ressursar til kompetanseheving.
- Sikra at alle tilsette i Sveio kommune nyttar handlingsretteleiarer i BTI, slik at Sveio blir ein reell BTI-kommune.
- Kommunen skal samordna sitt tenestetilbod til born og familiar, og gjera organisatoriske endringar der dagens organisasjon er til hinder for samarbeid.
- Tenkja «laget rundt barnet» i alle ledd.





## 4.2 Førebyggjande arbeid



1) Riksrevisjonen 2007, Helsetilsynet 2009, NOU 2009:1, NOU 2009:18, NOU 2009:22, NOU 2010:7, NOU 2011:14, KS 2011, Thorshaug og Svendsen 2014, Riksrevisjonen 2015-2016, NOU 2017:12, Riksrevisjonen 2018

Illustrasjon av «laget rundt barnet». Kjelde: Statsforvaltaren i Agder

Førebygging kan delast inn i tre kategoriar, universell førebygging (primærførebygging), selektiv førebygging (sekundærførebygging) og indisert førebygging (tertiærførebygging). Dei tre nivåa kan definerast slik (Bolle og Selsing, 2019):

- **Universell førebygging** omfattar innsats mot heile befolkningsgrupper (til dømes alle born og unge) utan at ein har teke ei risikovurdering av individ eller grupper. Døme på dette er helsestasjonen si ordinære oppfølging og skulehelsetenesta i kommunen.
- **Selektiv førebygging** er tiltak retta mot grupper med kjend og/eller høgd risiko for å utvikla vanskar. Tiltaka her skal motverka negativ utvikling hjå born og unge og/eller foreldra deira. Fleire kommunar har mellom anna foreldrerettleiingsprogram som blir tilbode som lågterskeltilbod ein vurderer har trong for noko ekstra hjelp utover ordinær oppfølging frå helsestasjonen.
- **Indisert førebygging** er tiltak retta mot individ med høg risiko eller klåre teikn på vanskar. Tiltak retta mot ungdom med byrjande rusproblem eller tiltak retta mot born og unge med symptom på psykiske vanskar er døme på indisert førebygging. I ein kommune vil oppfølging av ein ungdom på ruskontrakt vera eit døme på dette.



Dei ulike einingane i statleg, fylkeskommunal, kommunal og frivillig sektor som gjev tilbod til born, unge og familiare deira i Sveio kommune, driv alle med førebygging på ulike nivå. Nokre tenester driv førebygging på fleire nivå, slik denne matrisa syner:

	Universell førebygging	Selektiv førebygging	Indisert førebygging
<b>Kommunale tilbod</b>			
Helsestasjon for born 0-5 år	X	X	
Barnehagen (kommunal og privat)	X	X	
Grunnskulen (kommunal og privat)	X	X	
Skulefritidsordninga (SFO)	X		
Sveio kulturskule	X		
Sveio folkebibliotek	X		
Fritidsklubb Vigdartun	X	X	
SLT-koordinator	X	X	
Ungdomslos	X	X	
Skulehelsetenesta	X	X	
Psykisk helseteneste	X	X	
Habiliteringstenesta		X	X
Helsestasjon for ungdom (interkom.)	X	X	
Barnevernet i Sveio		X	X
PPT (interkom.)	X	X	X
Haugalandet skole-arbeidsliv (interkom.)	X		
<b>Statlege og fylkeskommunale tilbod</b>			
Vidaregåande opplæring (fylkeskommunal/privat)	X	X	
Oppfølgingstenesta (OT)		X	
PPT for vidaregåande opplæring		X	X
BUP i Helse Fonna		X	X
NAV	X	X	X



Politikontakten	X	X	X
Familievernkontoret		X	X
Private ideelle tilbud			
Sveio frivilligsentral	X	X	
Frivillige lag og organisasjonar	X		

Dei ulike einingane/funksjonane har slikt oppdrag:

#### 4.2.1 Kommunal sektor

- a) **Helsestasjon for born 0-5 år.** Helsestasjon gjev tilbud om heimebesøk til alle nyfødde born i løpet av dei to første leveveke. Helsestasjonen er på det viset den kommunale tenesta som først kjem i kontakt med heile årskull av born. Helsestasjonen har vidare eit omfattande program for oppfølging av born og foreldre/føresette gjennom heile førskulealderen.
- b) **Barnehagen.** Alle born har rett til barnehageplass frå dei er eitt år gamle. I Sveio er det til saman sju barnehagar, der fire er private og tre er kommunale. Barnehageåret 2021/2022 gjekk om lag 93 % av borna i aldersgruppa 1-5 år i barnehagen i Sveio kommune.
- c) **Grunnskulen.** Alle born og unge i Noreg har rett og plikt til grunnskuleopplæring i ti år frå dei er seks til dei er seksten år. I Sveio kommune er det ein skule som er ein del av eit oppvekstsenter, tre reine barneskular og ein kombinert barne- og ungdomsskule. Det er ikkje etablert private grunnskular i Sveio, men mellom 20 og 30 born og unge frå Sveio går på private grunnskular i Haugesund og på Stord.
- d) **Skulefritidsordninga (SFO).** SFO er eit tilbud til alle elevar i 1.-4. klasse og elevar med særskilte behov i 1.-7. klasse. Det er SFO-tilbod ved alle dei fem grunnskulane i Sveio. Skuleåret 2021/2022 nytta om lag 36 % av elevane i 1.-4. klasse SFO-tilbodet, noko som er mykje lågare enn det som er vanleg i større bykommunar. SFO skal etter forskrift inkluderast i samarbeidet mellom barnehagane og skulane om overgangen mellom barnehage og skule.
- e) **Sveio Kulturskule.** Gjennom Sveio kulturskule gjev Sveio kommune ibuarane sine tilbod om opplæring i kulturfag. Kulturskulen er ein stad der den einskilde kan utvikla seg individuelt og i fellesskap med andre. Kulturskulen skal gje læring gjennom tilbod som stimulerer og gjev livsglede. Den einskilde er viktig og skal møtast med likeverd og respekt. Eleven sin vekst og utvikling skal stå sentralt. Alle elevar skal få røynsle med å føla meistring og framgang, der det er plass til alle i eit inkluderande miljø. Sveio kulturskule skal setja eleven i sentrum gjennom å la han eller ho oppdaga og meistra.
- f) **Sveio folkebibliotek.** Biblioteket gjev tilbod om bøker av alle slag, lydbøker, teikneseriar, spel, filmar, tidsskrift og aviser. I tillegg gjev biblioteket brukarane tilgjenge til digitale



ressursar. Sveio folkebibliotek er eit meirope bibliotek. Tilbodet gjeld for alle registrerte lånarar over 16 år. Lånarar under 18 år må ha underskrift frå føresette. Born kan nytta tilbodet om dei kjem i følgje med ein vaksen. Den vaksne har ansvaret for dei borna han eller ho tek med seg. Folkebiblioteket er og ein støttefunksjon for skulebiblioteka.

- g) **Fritidsklubb Vigdartun.** Fritidsklubben er eit ope fritidstilbod for ungdom på ettermiddags- og kveldstid, eit såkalla «lågterskeltilbod».
- h) **SLT-koordinator.** Forkortinga «SLT» står for «Samordning av Lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande Tiltak». Sveio kommune deler SLT-koordinator med Tysvær kommune, og koordinatoren har kontor på Vigdartun. SLT-koordinatoren arbeider tett saman med Sveio skule og andre kommunale avdelingar for å løysa problem og utfordringar i ungdomsmiljøet i ein tidleg fase.
- i) **Ungdomslos.** Ungdomslos er eit nytt tiltak i Sveio kommune frå haustsemesteret 2022. Kommunen har motteke tilskot frå Bufdir til å oppretta stilling til oppfølgings- og los-funksjonar for ungdom knytt til tiltaket «Lofet – Trygg hamn», og til ungdommen sitt fritidstilbod ved Sveio skule og Vigdartun kultursenter. Ungdomslos er eit tilbod som skal vera retta mot ungdom frå 11 til 24 år. Målsetjinga med tiltaket er å styrkja ungdomane si tilknytning til skulen, betra ungdomane sine skuleprestasjonar og oppleving av meistring, og på dette viset redusera fråfall og auka gjennomføringsevne i vidaregåande opplæring. Los-funksjonen skal arbeida med å hindra utanforskap ved å leggja til rettes for eit meir samordna tilbod og tettare oppfølging av ungdom som er i ein vanskeleg livssituasjon.
- j) **Skulehelsetenesta.** Skulehelsetenesta har eit omfattande program for oppfølging av born og unge gjennom heile grunnskulealderen. Tenesta har som føremål å fremja ei best mogeleg helsemessing utvikling hos borna, styrka eleven si evne til meistring og sosiale dugleikar og gje tilbod om kontakt, hjelp og rettleiing i helsespørsmål. Skulehelsetenesta møter 100 % av årskulla gjennom planlagde aktivitetar, og tenesta gjev tilbod om individuell oppfølging på lågterskelnivå.
- k) **Psykisk helseteneste.** Alle som bur eller oppheld seg i Sveio kommune har rett til psykisk helsehjelp, og alle aldersgrupper kan få tilbod om slik hjelp når dei treng det. Dette er eit kommunalt lågterskeltilbod, det vil seia at ein kan ta direkte kontakt med tenesta utan tilvising frå lege eller andre. Målet er at born, unge og vaksne som har trong for og ønskjer hjelp og støtte i ein psykisk belastande eller vanskeleg periode i livet, skal få snakka med psykiatrisk sjukepleiar så raskt som mogeleg. Denne hjelpa kan for eksempel vera aktuell når ein føler angst, uro eller har triste og tunge tankar, er utsett for mobbing, ein føler seg aleine om noko, ein vegrar seg for å gå på skulen eller livet i heimen er vanskeleg av ulike årsaker. Psykisk helseteneste samarbeider med andre aktørar når foreldra gjev samtykke, og det er naudsynt for at barnet skal få god, heilskapleg hjelp.
- l) **Habiliteringstenesta.** Eining habilitering har ansvaret for ulike tiltak og tenester til born og vaksne med utviklingsforstyringar. Eininga er oppdelt i tre avdelingar, bustadtilbod,



kommunal bustad/avlasting og arbeid/dagtilbod. Tiltak og tenester blir tilpassa den einskilde brukaren, anten individuelt eller i grupper. Utanom brukaren sjølv, er pårørande til dei som søker tenestene, dei viktigaste samarbeidspartnarane for å finna gode løysingar i kvar einskild sin livssituasjon.

- m) **Helsestasjon for ungdom.** Sveio kommune kjøper denne tenesta av Haugesund kommune. Helsestasjonen er lokalisert på Markedet i Haugesund sentrum. Helsestasjon for ungdom er eit gratis tilbod for ungdom frå 13 til og med 19 år, og alle elevar i vidaregåande skule. Ungdomane kan snakka med helsesjukepleiarar og legar om korleis dei har det, om prevensjon, seksuell helse og andre helsespørsmål.
- n) **Barnevernet i Sveio.** Barnevernet skal sikra at born og unge får ein trygg oppvekst. Om nokon barn og unge lever under tilhøve som kan skada helsa og utviklinga deira, skal dei få hjelp og omsorg når dei treng det. I samarbeid med barnet og foreldra blir sakshandsamarane i barnevernet samde om kva hjelpetiltak som vil gjera situasjonen betre for barnet. Dei fleste borna (8 av 10 saker) får hjelp heime hjå foreldra. Slik hjelp kan til dømes vera barnehageplass, plass på skulefritidsordning, støttekontakt til barnet, besøksheim til barnet, støtteheim til familien, råd og rettleiing til foreldra, familieråd, økonomisk støtte og tilsyn i heimen. I nesten to av ti tilfelle får barnet hjelp utanfor heimen. I dei fleste av desse sakene bur barnet eller ungdommen i fosterheim. Nokre bur på institusjon.
- o) **Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT).** Sveio kommune samarbeider med Haugesund og Utsira kommune om PPT. Tenesta er den sentrale hjelpeinstansen for barnehagar, skular og føresette. PPT har samansette oppgåver knytt til det einskilde barnet/eleven, til gruppe/klasse og barnehage/skule som system, og som sentral aktør i forhold til andre instansar og etatar. PPT skal hjelpa born og ungdom i alderen 0 - 16 år og vaksne som har særlege opplæringsbehov. Det blir lagt særleg vekt på å førebyggja at vanskar utviklar seg.
- p) **Haugalandet skole – arbeidsliv (HSA).** Kommunane Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord er eigarar. HSA skal koordinera ungdomsskulane sitt samarbeid med lokalt næringsliv og vidaregåande opplæring og vera ein viktig bidragsytar til heilskapstenking i høve til skulefaget utdanningsval. Hovudmålet er å styrkja ungdomane sitt medvit kring framtidig utdannings- og yrkesval. HSA har hovudansvaret for yrkesmessa på Haugalandet. HSA har ansvaret for utviklinga av faget utdanningsval på Haugalandet. HSA koordinerer utprøving i faget utdanningsval og er administrator for kommunikasjonssystemet SA. HSA er koordinator og sekretariat for YoU-rådgjevarane i ungdomsskulen på Haugalandet. HSA skal ha fokus på internasjonalisering og entreprenørskap og vera eit bindeledd mellom skulen og andre organisasjonar som er knytte til forholdet mellom skule og næringsliv.



#### 4.2.2 Statleg og fylkeskommunal sektor

- a) **Vidaregåande opplæring i skule og bedrift.** Sjølv om Sveio kommune ligg i Vestland fylke, er det lang tradisjon for at eit stort fleirtal av elevane frå Sveio har tilgjenge til vidaregåande opplæring i Rogaland, og då primært i Haugesund. Retten til skuleplass i nabofylket for ungdomar frå grensekommunane er i dag regulert gjennom ein eigen avtale mellom Rogaland og Vestland fylkeskommune, sist revidert i 2023. Alle ungdomar i Noreg har rett til vidaregåande opplæring frå dei er seksten år.
- b) **Oppfølgingstenesta (OT).** Oppfølgingstenesta (OT) er ei fylkeskommunal teneste som hjelper til med å finna ut kva mogelegheiter som er aktuelle for den einskilde eleven som har falle ut av vidaregåande opplæring. Oppfølgingstenesta skal kontakta eleven for rettleiing og oppfølging. Målet til tenesta er å bidra til auka kompetanse, gjennom tilbod i regi av vidaregåande opplæring eller tilbod frå andre instansar. OT samarbeider med fylkeskommunale, kommunale og statlege instansar som også har ansvar for ungdom.
- c) **PPT for vidaregåande opplæring.** PPT sitt mandat er regulert i opplæringslova § 5-6 og er ei støttetjeneste for vidaregåande opplæring. Tenesta skal hjelpa skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rettes for elevar med særskilte behov. PPT skal utarbeida sakkunnig vurdering der lova krev det. Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbyte av opplæringa, har rett til spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova. PPT greier ut vanskar knytt til fagleg, sosial og emosjonell fungering og vurderer trongen for særskilte tiltak i skulen. PPT kan følgja opp elevar og lærlingar med samtalar etter behov. PPT har og ansvaret for elevar i grunnskulen som skal få opplæring i institusjonar.
- d) **Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP) i Helse Fonna.** BUP gjev eit spesialisert tilbod innan psykiatri til barn og unge (opp til 18 år) og deira pårørande. Dei har tilbod innan utgreiing og behandling av angst, åtferdsvanskar, utviklingsforstyring og AD/HD, og vidare innan depresjon, tvangslidingar, alvorlege belastningar/traume, autisme, sjølvmondsfare, psykose, eteforstyringar og skulevegving. Fastlegar, barnevern og PPT kan tilvisa til BUP. Helse Fonna HF driv og habiliteringsteneste på spesialistnivå.
- e) **NAV.** NAV har to styringsliner, ein statleg og ein kommunal. NAV stat har ansvar for statlege trygdeytingar og arbeidsmarknadstiltak, medan NAV kommune har ansvar for økonomisk sosialhjelp, bustadoppfølging, økonomisk rettleiing og førebygging. NAV Sveio har kontor i Sveio sentrum.
- f) **Politikontakten.** Sveio kommune har sams politikontakt med Tysvær og Bokn kommune. Politikontakten skal styrkja det eksisterande førebyggjande arbeidet som alt er etablert, og vera ein del av resten av det kriminalitetsførebyggjande arbeidet i kommunen. Politikontakten skal vera eit av dei viktigaste kontaktpunkta mellom politi, publikum og dei ulike aktørane i kommunen. Politikontakten skal fungera som politiet sitt kontaktpunkt for det førebyggjande





arbeidet i distriktet. Politikontakten skal så langt ressursane tillèt det, vera med i det praktiske arbeidet, slik som til dømes føredrag i skular.

- g) **Familievernkontoret.** Familievernkontoret er ope og tilgjengeleg for alle, og ein kan ringja for å få råd og rettleiing eller timeavtale. Det blir gjeve tilbod om samtalar på kontoret, på Teams og per telefon.


#### 4.2.3 Frivillig sektor

Sveio kommune samarbeider nært med Sveio frivilligsentral som blir driven av Kirkens Bymisjon. Frivilligsentralen driv aktivitetar som besøksven, seniornett, skattkammeret, språkkafe og ferieaktivitetar for born og unge.

Sveio kommune har ein stor frivillig sektor med gode fritidstilbod for born og unge. Tal frå Ungdata 2022 syner at delen av ungdomsskuleelevar som «*den siste månaden*» har delteke på ulike aktivitetar i regi av frivillig sektor (samt kommunale fritidstilbod), fordeler seg slik:

- a) Idrettslag 55 % (65 % i 2019)
- b) Fritidsklubb/ungdomshus/ungdomsklubb 36 % (38 % i 2019)
- c) Religiøs foreining 16 % (16 % i 2019)
- d) Korps, kor, orkester 4 % (9 % i 2019)
- e) Kulturskule/musikkskule 10 % (11 % i 2019)
- f) Annan organisasjon, lag eller foreining 31 % (34 % i 2019)

Det er, slik det går fram av tabellen, særleg idretten som har fått lågare deltaking frå 2019 til 2022.






## 5.0 Barnepopulasjonen i Sveio

### 5.1 Barnehage og skule

Kommunen var igjennom ein periode med kraftig vekst i folkesetnaden dei første femten åra av dette tusenåret. Etter dette har veksten stogga, og talet på fødslar er på veg ned. Dette vil føra med seg at barnepopulasjonen i Sveio kommune vil bli mindre dei komande åra.

#### Prognose, born i barnehagealder, 2023-2033:


13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Sveio, 1-5 år, Hovedalternativet (MMMM).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

#### Prognose, born i barneskulealder, 2023-2033:

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Sveio, 6-12 år, Hovedalternativet (MMMM).




Kilde: Statistisk sentralbyrå



### Prognose, ungdom i ungdomsskulealder, 2023-2033:


13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Sveio, 13-15 år, Hovedalternativet (MMMM).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

### Prognose, ungdom i videregående skulealder, 2023-2033:

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter år. Sveio, 16-19 år, Hovedalternativet (MMMM).



Kilde: Statistisk sentralbyrå



Som det går fram av tabellen, er reduksjonen i talet på born i barnehagealder og barneskulealder alt ein realitet. Prognosane for barnehageborn etter 2029 er svært usikre, for desse borna er enno ikkje fødte. Nedgangen i talet på ungdomsskuleelevar startar for alvor frå 2025, og i vidaregåande opplæring vil det vera vekst fram til 2029. Etter dette vil og talet på dei eldste ungdomane bli redusert.


Om vi summerer tala for heile barne- og ungdomspopulasjonen 1-19 år, tilseier prognosen at vi får ein reduksjon på 209 personar, tilsvarande ein nedgang på om lag 14 %. Om vi berre ser på aldersgruppa 1-15 år, som får sitt barnehage- og skuletilbod av kommunen, er reduksjonen på 226 personar, tilsvarande ein nedgang på 19 %. Det kommunale inntektssystemet gjev høgare tilskot til ibuarar i barnehage- og grunnskulealder enn til ibuarar i vidaregåande skulealder, sidan vidaregåande opplæring er eit fylkeskommunalt ansvar. Når aldersgruppa 1-15 år blir redusert med om lag ein femdel på ti år, vil dette få stor innverknad på kommunen sine økonomiske ressursar til finansiering av tilbod til denne aldersgruppa.

Skuleåret 2022/2023 var det 807 elevar i dei kommunale grunnskulane i Sveio. I tillegg er det jamt over mellom 20 og 30 elevar frå Sveio som går på private skular i nabokommunane. Det var 80 lærarårsverk og 16 årsverk for assistentar dette skuleåret. Det var 76 elevar som fekk spesialundervisning etter einskildvedtak, noko som utgjør 9,4 % av den totale elevmassen. Dette er eit høgt tal. Tilsvarande tal for Noreg var 7,8 %. Talet på elevar som får spesialundervisning etter einskildvedtak har ein tendens til å auka utover i skuleløpet.

Barnehagen har og byrja å merka nedgangen i talet på born. Ein av barnehagane i kommunen, Bråtveit natur- og kulturbarnehage, valde å leggja ned drifta med verknad frå barnehageåret 2023/2024. Talet på fødselar er redusert dei seinare åra, og ligg no under 60 born per år. I toppåret 2015 blei 83 born fødte i Sveio.

Barnehageåret 2023/2024 er det 13 barnehageborn som har einskildvedtak om spesialpedagogisk hjelp i barnegane i Sveio kommune.

04231: Levendefødte, etter år. Sveio, Levendefødte.



Kilde: Statistisk sentralbyrå



## 5.2 Barnevernet

Tilstandsrapport for Sveio barnevern 2022 inneheld viktig statistikk for barnevernstenesta i kommunen. Born med bekymringsmelding utgjorde i 2022 3,8 % av aldersgruppa, mot 3,9 % i heile landet. I aldersgruppa 0-17 år får 3,6 % barnevernstiltak i Sveio, mot 3,5 % i landet. Sjølv om Sveio sitt folketal berre utgjør om lag ein promille av landet og talet på born som treng hjelp frå barnevernet, difor vil variera meir, er talet på born med bekymringsmelding og talet på born med tiltak frå barnevernet svært nær det nasjonale talet.

Sveio barnevern følgjer opp målsetjinga om at fleire born og unge skal få hjelpetiltak i heimen i samarbeid med dei føresette. I 2022 hadde Sveio kommune omsorg for 10 born utanfor heimen. Dette er ein nedgang frå 2018, då 18 born fekk slik omsorg. Per 31.12.2022 var 12 born plasserte utanfor heimen, der to plasseringar var frivillige. To born budde på institusjon, og to unge over 18 år fekk ettervern i eigen bustad.

Sveio barnevern hadde 4,1 stillingar i barnevernet per 1000 ibuarar 0-17 år. Tilsvarende tal for landet var 5,6. Det var 16 born i undersøking eller tiltak per tilsett i barnevernet. Tilsvarende tal for landet var 13. Sveio barnevern hadde totalt seks stillingar i 2022.

Delen av kommunen sine totale utgifter som blei nytta til barnevern, var 3,8 % i 2022, mot eit landsgjennomsnitt på 3,7 %. Desse tala tek ikkje høgd for at Sveio kommune har eit berekna utgiftsbehov på 91,2 % av landet. Om ei tek omsyn til dette teoretiske utgiftsbehovet, nytta Sveio kommune om lag 3,4 millionar (20,6 %) meir enn landssnittet i 2022.





### 5.3 Sveio helsestasjon

Sveio helsestasjon har ei omfattande verksemd blant gravide, nyfødde, førskuleborn og skuleelevar. Verksemda kan syna til slik statistikk for åra 2015-2022:

Tal konsultasjonar med jordmor	<b>475</b>	<b>362</b>	<b>449</b>	<b>553</b>
Fødsjar	83	63	56	77
Tal konsultasjonar med lege på helsestasjonen	437	378	378	332
Tal konsultasjonar med helsesøster for born 0-6 år	1671	1407	1547	1566
Tal konsultasjonar med helsesøster i skulehelsetenesta ,av desse er samtalar med elevar ved helsesøsters kontortid på skulane.	3048 1513	2772 921	4405 1769	4006 2566
Telefonkonsultasjonar +korrespondanse, alt som blir journalført utanom konsultasjonar. Me har ikkje kontorhjelp, gjere dette sjølv	1836	1649	1545	1595
Tal foreldrerettleiingsgrupper ved helsestasjonen. Deltaking i % i gruppene.	72 77%	46 74%	45 80%	41 85%
<b>Nøkkeltal frå drifta ved Sveio helsestasjon</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Tal konsultasjonar med jordmor	533	434	544	623
Fødsjar	55	64	59	60
Tal konsultasjonar med lege på helsestasjonen	385	369	319	391
Tal konsultasjonar med helsesøster for born 0-6 år	1397	1253	1396	1330
Tal konsultasjonar med helsesøster i skulehelsetenesta ,av desse er: samtalar med elevar ved helsesøsters kontortid på skulane.	2936 1893	3418 2342	3935 2822	3275 2341
+tal grupper i skulane	110stk	70	70	130
Telefonkonsultasjonar/SMS	1787	2004	2020	1654
Korrespondanse, alt som blir journalført utanom konsultasjonar.		2052	2180	1833
Tal foreldrerettleiingsgrupper ved helsestasjonen. Deltaking i % i gruppene.	43 stk 88%	ikkje tal her pga corona	ikkje tal her pga corona	25 stk pga pande mi,78 %

Delar av verksemda måtte leggjast om i 2020, 2021 og 2022 på grunn av Covid19-pandemien.

I Ungdata 2022 blei ungdomane spurde om kva som var grunnen til at dei oppsøkte skulehelsetenesta:


**Bruk av skolehelsetjenesten**

ungdata


  
 STORFAMNINGSSTRET  
 VELFERDSFORSKINGSINSTITUTTET NINA

Du har tidligere svart at du har brukt skolehelsetjenesten ved skolen din (vært hos helsesøster eller helsesykepleier). Hva er grunnen til at du var der?


Spørsmålet er kun stilt til de som har svart 'ja' på at det finnes en helsesøster/-sykepleier på skolen.



Sveio 2022


**5.4 Psykisk helseteneste**

Psykisk helseteneste i Sveio gjev tilbud både til born, ungdom og vaksne. Talet på personar som treng tenester frå psykisk helseteneste, har vore aukande i fleire år:






Det har og vore ein jamn auke i nye tilvisingar, slik dette diagrammet syner:



Psykisk helseteneste skriv i årsmeldinga for 2022 at psykiske utfordringar under pandemien er ein del av forklaringa av den auka pågangen til tenesta. Krigen i Ukraina kan og spela inn.

I Ungdata 2022 blei ungdomane bedne om å vurdere den psykiske helsa si:







## 5.5 NAV Sveio


I Sveio kommune si årsmelding for 2022 skriv NAV Sveio dette om utsiktene for 2023:

*«Hovudutfordringa i året som kjem, er å sørge for at fleire av dei som treng mest hjelp, kjem i arbeid. NAV Sveio må saman med dei finna løysingar som sørger for ei varig og stabil tilknytning til arbeidslivet. Det må sikrast gode samarbeid med arbeidsgjevarar og effektiv bruk av arbeidsretta tiltak.*

*Eininga forventar at fleire personar og familiar får ein vanskeleg økonomisk og sosial situasjon. Eininga må vera godt nok førebudd på større pågang og hjelpebehov. Dei som har vanskar, må få hjelpa dei treng. Det er ei utfordring å gjera eininga sine tenester betre kjent for andre einingar, lag og organisasjonar.*

*Eininga førebur seg på at den uføreseielege flyktnings situasjonen held fram. Nye flyktingar skal busetjast og integrerast i kommunen. Samstundes er det fleire busette flyktingar som vil fullføra introduksjonsprogram i året som kjem. Det er ei prioritering og utfordring for eininga å sørge for at så mange som mogeleg kjem i arbeid eller utdanning i løpet av året.»*

Som ein del av kommunen si satsing for born som veks opp i familiar med vedvarande låginntekt har NAV Sveio etablert ei ordning med økonomisk stønad til fritidsaktivitetar for born som treng det. Ordninga er enkel og «ubyråkratisk», slik at økonomisk tilskot kan gjevast raskt til dei som treng det. NAV Sveio har i 2023 fått 630 000 kroner i tilskot til prosjektet «Framtidsbasar». Tiltaket skal gjera det lettare å samarbeida om sårbare og utsette familiar, og eitt av tiltaka er å tilsetja ein familiekoordinator ved NAV Sveio. I Ungdata 2022 blei ungdomane bedne om å vurdere den økonomiske stoda i heimen sin med omsyn til om dei hadde råd til å betala for fritidsaktivitetar. Som det går fram av tabellen, svarte til saman 15 % at foreldra «av og til» eller «ofte» mangla pengar til å betala for slike aktivitetar:






Sveio kommune gjennomførte ny Ungdata-undersøking i 2022. Den førre blei gjennomført i 2019. Ungdomane gav slike svar med omsyn til fritidsvanane sine:

### Faste fritidsaktiviteter

ungdata

STORFUMUNISIPALITETEN  
VELFERDSFORSKNINGSINSTITUTTET NORA

Hvor mange ganger den siste måneden har du vært med på aktiviteter, møter eller øvelser i følgende organisasjoner, klubber eller lag?



Sveio 2022

Som ein ser, svarer 36 % at dei nyttar seg av det kommunale fritidsklubbtilbodet ved Vigdartun, men fleirtalet av desse, 22 %, har svara at dei har nytta det 1-2 gongar. Dette samsvarer godt med opplysningane frå intervjurunden. Ei lita gruppe er «storforbrukarar» av tilbodet ved Vigdartun, medan mange fleire deltek når det blir skipa til «House of Fun» i helgene.



Ungdata 2022 stadfestar også tidlegare funn om at unge i Sveio opplever at tilbudet på fritida kunne vore betre og meir variert. Heile 38 % svarer at kulturtilbudet er «nokså dårleg» eller «dårleg»:


## Nærmiljø

ungdata

OSLO MET

STORBYUNIVERSITETET  
VELFERDIFORSKNINGSENITRUTTET HNA

Tenk på områdene rundt der du bor. Hvordan opplever du at tilbudet til ungdom er når det gjelder ...




Sveio 2022



## 6.0 Trong for endring av innhald og organisering av tilbodet til born, unge og familiare deira

Gjennom både intern kartlegging og bruk av tilgjengeleg statistikk kan vi sjå at det vil vera trong for endringar både med omsyn til organisering og innhald i tida som ligg framføre oss. Dette vil og føra med seg endra trong for og bruk av ressursar i åra som kjem:

- Fram til 2033 vil talet på born i barnehagealder bli redusert frå 325 til 303, altså 6,7 %
- Fram til 2033 blir talet på born og unge i grunnskulealder redusert frå 856 til 652, altså 24 %
- Fram til 2033 vil fordelinga mellom born (6-12) og ungdom (13-19) bli kraftig endra. I 2023 er 52,5 % barneskuleelevar og til saman 47,5 % elevar i ungdomsskulen og vidaregåande opplæring. I 2033 er denne fordelinga snudd. Då vil 46,2 % vera barneskuleelevar, medan til saman 53,8 % vil vera elevar i ungdomsskulen og vidaregåande opplæring. Tilbodet til ungdom (13-15 skule, helse og fritid, 16-19 helse og fritid) vil krevja meir ressursar.
- Færre fødsjar og mindre barnekull vil føra med seg endringar i aktiviteten ved både helsestasjonen og psykisk helseteneste.
- Om vi tek omsynet til det berekna utgiftsbehovet til barnevernstenester i kommunen, har tenesta eit «overforbruk» på om lag 3,4 millionar kroner per år. Dette kan vera ein indikator på at det førebyggjande arbeidet har vore for lite effektivt og for dårleg koordinert. Vidare kan det vera ein indikator på at det er trong for å auka kapasiteten innanfor foreldrerettleiing på ulike nivå.
- Kartlegginga syner at BTI-arbeidet enno ikkje er tilstrekkeleg implementert i Sveio. Når BTI-tenkinga gjennomsyrrer heile verksemda, vil det i seg sjølv hjelpa til med å sikra tidleg intervensjon og samordna førebygging.
- Krigen i Ukraina har ført med seg ein ny flyktingstraum til Noreg, og Sveio kommune har vedteke å ta sin del av ansvaret for busetjing og integrering av flyktingane. Det er viktig med rett ressursbruk for å sikra god integrering og førebyggja utanforskap.





## 7.0 Mål og tiltak innanfor oppvekstfeltet og førebyggjande arbeid i Sveio kommune

Kapittel 4, «Ståstad Sveio 2023», har synt at vi må ha desse **måla og tiltaka** i det førebyggjande arbeidet:

1. Tenkja «laget rundt barnet» i alle ledd.
2. Sikra at alle tilsette i Sveio kommune nyttar handlingsretteleieren i BTI, slik at Sveio blir ein reell BTI-kommune.
3. Ha eit særleg fokus på foreldrerettleiing på eit svært tidleg stadium i borna sine liv. Ha eit differensiert tilbod om slik rettleiing i eit sams fagmiljø.
4. Utvikla tydelege roller og rolleforståing, slik at kommunen kan yta tidleg innsats på ein effektiv måte.
5. Styrkja det førebyggjande arbeidet blant ungdom i kommunen, mellom anna ved å gje eit breiare tilbod som kan appellera til fleire ulike interesser.
6. Setja av tilstrekkeleg med ressursar til kompetanseheving.
7. Ta vare på og utvikla vidare det gode samarbeidet om einskildborn og familiane deira som alt finst i kommunen.
8. Kommunen skal samordna sitt tenestetilbod til born og familiar, og gjera organisatoriske endringar der dagens organisasjon er til hinder for samarbeid.

Desse utfordringane må konkretiserast og operasjonaliserast. Samstundes heng dei saman, noko som skal sikra at Sveio kommune legg ei heilskapleg tenking til grunn for alt arbeid med born og unge. I det følgjande vil alle punkta bli brotne ned med tydelege handlingsmål.

### 7.1 Tenkja «laget rundt barnet» i alle ledd

Dette er ikkje noko kommunen kan velja. Det er arbeidsoppdraget både i barnevernslova og andre lover og forskrifter:

- «Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsvansker. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier.» (Barnevernlova § 15-1)
- «Barnehagen skal fremme respekt for menneskeverdet ved å synliggjøre, verdsette og fremme mangfold og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finnes mange måter å



tenke, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringer og synliggjøre verdien av fellesskap.» (Rammeplan for barnehagen, forskrift)

- «Opplæringen skal danne hele mennesket og gi hver og en mulighet til å utvikle sine evner. Danning skjer når elevene får kunnskap om og innsikt i natur og miljø, språk og historie, samfunn og arbeidsliv, kunst og kultur, og religion og livssyn.» (Overordna del av læreplanverket, forskrift)

Saman med andre delar av lovverket utgjer dette **verdigrunlaget** for kommunen sitt arbeid på oppvekstfeltet. Det er avgjerande viktig at alle som jobbar med born og unge, kjenner dette verdigrunlaget og ser kva konsekvensar dette har i det daglege arbeidet. Eit barn er *eit liv*, ikkje *ei sak*.

#### Tiltak:

- Etablere *Fagdag for oppvekstfeltet* som ei fast ordning med to samlingar på semester for å sikra at vi har rett kompetanse og eit heilskapleg tenestetilbod. Utvikling av laget rundt barnet skal vera den raude tråden i fagdagane. Ansvar: Blir avgjort etter at organiseringa er vurdert.
- Gjere etisk refleksjon til ein naturleg del av alt utviklingsarbeid i Sveio kommune. Ansvar: Einingsleiarane.

## 7.2 Sikra at alle tilsette i Sveio kommune nyttar handlingsrettleiaren i BTI, slik at Sveio blir ein reell BTI-kommune

Ein reell BTI-kommune tenkjer «laget rundt barnet» i alle ledd. For at dette skal bli ein realitet må alle einingar og tilsette som arbeider med born og unge, ha forståing for kva BTI er, korleis medarbeidarane skal handla når dei er uroa for eit barn, og kva konsekvensar det har å arbeida i ein BTI-kommune.

#### Tiltak:

- «Ei dør inn». Utvikla oppslaget om BTI på kommunen si heimeside, mellom anna ved å gjere det meir synleg for både tilsette og føresette. Ansvar: Blir avgjort etter at organiseringa er vurdert.
- Skapa tryggleik i høve til handling og tiltak, kjennskap til dei ulike tenestene i kommunen. Gje alle aktuelle einingsleiarar eit «oppfriskingskurs» i BTI-arbeid, gjerne som ein del av *Fagdag for oppvekstfeltet*. Ansvar: Blir avgjort etter at organiseringa er vurdert.
- Betre kompetanse. Ta opp att opplæring i BTI-arbeid for alle som arbeider med born og unge i kommunen. Ansvar: Einingsleiarane
- Forenkla og fornya, ha tenlege verkty. Avklara kva for verkty kommunen skal nytta som dokumentasjon i BTI-arbeidet, noverande stafettlogg eller noko anna. Ansvar: Blir avgjort etter at organiseringa er vurdert.
- Fleire born og unge får rett hjelp til rett tid. Sikra at alle som arbeider med born og unge i kommunen, nyttar det dokumentasjonsverktøyet som er bestemt, og kjenner til korleis det skal nyttast. Ansvar: Einingsleiarane



### 7.3 Ha eit særleg fokus på foreldrerettleiing på eit svært tidleg stadium i borna sine liv. Ha eit differensiert tilbod om slik rettleiing i eit sams fagmiljø

Helsestasjonen gjev eit universelt tilbod om foreldrerettleiingsgrupper og barseigrupper. Tilbodet byggjer på International *Child Development Programme (ICDP)*. Barnevernet, helsestasjonen, ressursteamet, PPT og nokre barnehagar har og medarbeidarar som er sertifiserte for programma *Tryggleikssirkelen (COS)* og *Parent Management Training – Oregon (PMTO)*. Programma rettar seg mot utfordringar av ulik vanskegrad, frå det generelle til det å vera foreldre til born og unge med meir omfattande problematikk som til dømes åtferdsvanskar og utagering. God foreldrerettleiing frå eit tidleg stadium har synt seg å ha svært god førebyggjande effekt, saman med kompetanseheving på andre arenaer barnet/den unge oppheld seg. Ein kan utvikla tilboda vidare med mellom anna PMTO foreldrerettleiing og kompetanseheving i barnehage og skule. Det same gjeld for COS.

#### Tiltak:

- Kartleggja om kommunen sitt tilbod om foreldrerettleiing er godt nok dimensjonert og godt nok kjent for familiar som har nytte av eit slikt tilbod. Ansvar: Blir avgjort etter at organiseringa er vurdert.
- Vurdera organiseringa av tilbodet om foreldrerettleiing, og vurderer om det vil vera rett å samla alle tilbod om foreldrerettleiing i ei ny Barne- og familieeining. Ansvar: Blir avgjort etter at organiseringa er vurdert.
- Utdanna fleire medarbeidarar som kan jobba med TIBIR, COS og PMTO. Ansvar: Blir avgjort etter at organiseringa er vurdert.
- Gjera tilbodet om foreldrerettleiing kjent i heile den kommunale organisasjonen. Ansvar: Blir avgjort etter at organiseringa er vurdert.

### 7.4 Utvikla tydelege roller og rolleforståing, slik at kommunen kan yta tidleg innsats på ein effektiv måte. Ta vare på og utvikla vidare det gode samarbeidet om einskildborn og familiane deira som alt finst i kommunen

Eit godt tverrfagleg samarbeid er avhengig av at alle som tek del i samarbeidet, er trygge på sitt eige profesjonelle skjønn innanfor sitt eige fag. Berre på det viset kan tverrfagleg samarbeid gje effekt, ved at ulike faglege tilnærmingar gjev ei meir komplett forståing av utfordringane. Dette fordrar og at dei som skal samarbeida, har gjensidig respekt for kvarandre sitt fag.

#### Tiltak:

- Utvikla lærande profesjonsfellesskap i alle einingar som jobbar med barn og unge. Ansvar: Einingsleiarane
- Refleksjon kring kva som fremjar eit godt samarbeid mellom ulike profesjonar som arbeider med born og unge, gjerne som ein del av arbeidet i *Fagdag for oppvekstfeltet*. Ansvar: Blir avgjort etter at organiseringa er vurdert.
- Auka bruken av individuell plan for born og unge som treng tenester frå fleire fagmiljø. Ansvar: Blir avgjort etter at organiseringa er vurdert.
- Vurdera å søkja om lokalt forsøk med heimel i § 15-13 i Lov om barnevern. Ansvar: Leiargruppa.



### 7.5 Styrkja det førebyggjande arbeidet blant ungdom i kommunen, mellom anna ved å gje eit breiare tilbod som kan appellera til fleire ulike interesser.

Som det går fram av kapittel 5, vil talet på tenåringar auka i løpet av planperioden frå 542 personar i 2023 til 598 personar i 2029. Etter dette vil og denne gruppa bli mindre med ein prognose på 513 personar i 2033. Det at vi får meir enn 10 % fleire tenåringar dei neste seks åra, vil gje trong for større ressursar til denne gruppa. Det gjeld skule, fritid og helse for aldersgruppa 13-15 og fritid og helse for aldersgruppa 16-19.

#### Tiltak:

- Evaluera og utvikla vidare lågterskeltilbodet «Lofitet» ved Sveio skule. Ansvar: Avdeling skule og barnehage.
- Evaluera funksjonen som ungdomslos etter at prosjektperioden med tilskot frå Bufdir er over. Vidareføra funksjonen i eigen regi og utvikla han vidare på bakgrunn av evalueringa. Ansvar: Avdeling skule og barnehage.
- Evaluera tilbodet som i dag blir gjeve til uorganisert ungdom ved Vigdartun. Utvikla tilbodet vidare med bakgrunn i evalueringa. Ansvar: Kulturavdelinga
- Vurdera å etablera eit nytt tilbod etter skuletid for elevar på mellomtrinnet knytt til det komande nyskapande aktivitetsanlegget ved Vigdartun. Ansvar: Kulturavdelinga
- Vidareutvikla samarbeidet med Sveio frivilligsentral for å utvikla nye attraktive tilbod for born, ungdom og familiar. Ansvar: Kulturavdelinga
- Sikra at eit nytt nyskapande aktivitetsanlegg ved Vigdartun får eit innhald som er attraktivt for tenåringssgruppa i kommunen. Ansvar: Kulturavdelinga
- Utvikla vidare tilbodet som blir gjeve for born, ungdom og familiar ved Sveio folkebibliotek. Ansvar: Kulturavdelinga
- Utvikla vidare tilbodet som blir gjeve ved Sveio kulturskule. Prøva ut nye tilbod om gruppeaktivitetar som er etterspurde blant tenåringane. Ansvar: Kulturavdelinga
- Utvikla vidare samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar som gjev aktivitetstilbod til born og unge. Ansvar: Kulturavdelinga
- Stimulera til utvikling av attraktive møteplassar og aktivitetstilbod i bygdene kring i kommunen. Ansvar: Eining for samfunnsutvikling
- Halda oppe dialogen med Vestland fylkeskommune for å utvida rutetilbodet på Skyss si Rute 700, slik at ungdomar frå Sveio får betre tilgjenge til kultur- og aktivitetstilbod i nabokommunane. Ansvar: Eining for samfunnsutvikling

### 7.6 Setja av tilstrekkeleg med ressursar til kompetanseheving.

Eitt av funna i kartleggingsfasen har vore at mange som arbeider med born og unge i Sveio kommune opplever at dei kjenner for dårleg til andre tenester enn den som dei sjølve jobbar i. Dette er ei utfordring i BTI-arbeidet og kan vera til hinder for at laget rundt barnet fungerer optimalt. Vidare vil det kontinuerleg vera trong for fagleg kompetanseheving innanfor eige fag. Målet er mellom anna å sikra kompetanse i tenestene for betre ressursutnytting og tidleg og koordinert tenestetilbod.





**Tiltak:**


- Gjennomføra læringsøker om dei einskilde kommunale tenestene som ein del av *Fagdag for oppvekstfeltet*. Ansvar: Blir avgjort etter at organiseringa er vurdert.
- Utarbeida ein samla kompetanseplan for oppvekstfeltet der både statlege kompetanseordningar og kommunale ressursar er ein del av verktøykassa. Ansvar: Blir avgjort etter at organiseringa er vurdert.
- Setja av tilstrekkeleg med ressursar til kommunale stipend til medarbeidarar som ønskjer å ta relevant vidareutdanning innanfor kompetanseplanen.
- Sikra at alle nyttilsette får innføring i heile oppvekstfeltet og dei ulike faglege ressursane kommunen rår over.

**7.7 Kommunen skal samordna sitt tenestetilbod til born og familiar, og gjera organisatoriske endringar der dagens organisasjon er til hinder for samarbeid.**

Mange kommunar har valt å samla heile fagmiljøet som arbeider med born og unge. Dette gjeld mellom anna fleire av pilotkommunane som har prøvd ut ny organisering i samband med oppvekstreforma. Kartlegginga har synt at det er eit ønske om å få til betre samordning. Det er trong for å greia dette ut i Sveio kommune gjennom ein prosess der også dei tilsette sine organisasjonar blir inkluderte. Målet er å etablera eit heilskapleg og synleg tenestetilbod.

**Tiltak:**

- Gjennomføra ei utgreiing av kva for organisering som vil gje best samordning av tilbodet til born, unge og familiar, der førebyggingsperspektivet skal liggja til grunn for vurderingane. Ansvar: Leiargruppa.
- Etablera Barne- og familieeining som ei ny eining for å samla relevante fagpersonar som kan gje eit meir samordna førebyggjande tilbod til born, unge og familiar. Utgreiinga av ny organisering av oppvekstfeltet må gje svar på kva for tenester som skal leggjast til den nye eininga. Ansvar: Leiargruppa
- Evaluera og vurderer organiseringa av det kommunale fritidstilbodet til ungdom. Ansvar: Kulturavdelinga.





## Kjelder

<https://www.icdp.no/hva-er-icdp/>

<https://www.foreldrerommet.no/nb/bok/nyttige-artikler/kapittel/hva-er-trygghetssirkelen/side/trygghetssirkelen-3/>

<https://www.pmt.no/tilbud-til-familier/pmt>

<https://www2.bufdir.no/Familie/foreldrestotte/tiltaksliste/tibir/>

<https://www.ssb.no/>

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/>

<https://lovdata.no/>